



Suda kommune

Planprogram

Kommunedelplan for oppvekst og kultur i Suda

2014-2023

21.10.2013

Innhold

1. Bakgrunnen for planarbeidet.....	3
1. Føremålet med planen.....	4
2. Nasjonale, regionale og kommunale føringer.....	5
5. Innholdet i planarbeidet.....	7
6. Organisering og medverknad.....	8
7. Framdriftsplan.....	9

1. BAKGRUNNEN FOR PLANARBEIDET

Det skal utformast ein eigen kommunedelplan for oppvekst og kultur i Sauda kommune. Planen skal vere gjeldande for perioden 2014-2023. Etter Plan- og bygningslovens § 4-1 skal det, som eit ledd i varslinga av planoppstart for kommunedelplaner, utarbeidast planprogram som grunnlag for planarbeidet.

«For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan ha vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet.» Lov om planlegging og byggesaksbehandling, § 4-1, 1. ledd. www.lovdatab.no

Målet er å få fram kva for tema planen skal handsama og omtala deltaking, organisering og framdrift i planarbeidet. Med høyring på planprogrammet ønskjer Sauda kommune å sikra dialog og samhandling med næringsliv, lag og organisasjonar i lokalsamfunnet. Me ønskjer å involvera føresette og brukarar av tenestene barnehage, skule og kultur i Sauda. Alle innspel vil bli vurdert i planarbeidet.

«Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.» Lov om planlegging og byggesaksbehandling, § 4-1, 2. ledd. www.lovdatab.no

1. FØREMÅLET MED PLANEN

Føremålet med planen er å få ein oppdatert langsiktig plan for utvikling av barnehage, skule og kultur som er politisk vedteken i Sauda kommune. Det er desse tenesteområda som er ramma for oppvekst-omgrepet i denne planprosessen.

Kommunedelplanen skal vera eit styringsverktøy for å nå visjonen og måla som kommunen vel for oppvekst i Sauda (avgrensa til tenesteområda barnehage, skule, PPT og kultur). Planen skal brukast av politikarar, administrasjonen i kommunen, einingsleiarar og medarbeidarar i barnehage, skule og kultur. Planen skal og vere ein reiskap for sterkare samhandling og samarbeid mellom foreldre, næringsliv, lag og foreningar i Sauda. Planen vil vere eit kommunikasjonsreiskap mellom kommunen og eksterne samarbeidspartnarar innan offentlig forvaltning, særleg Rogaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Rogaland.

Dette er minimumskrava til innhaldet i planen:

- Evalueringar av resultat frå kjelder som: KOSTRA-tal, statistikk frå Utdanningsdirektoratet, brukarundersøkingar, nasjonale prøvar og kommunebarometeret
- Samanhengar og koplingar mellom kommunale, regionale og nasjonale føringar, og planar.
- Visjon for kommunen sine ambisjonar innan oppvekst i Sauda.
- Mål for kommunen sine tenester og satsingsområder innan barnehage, skule og kultur
- Analyse av langsiktige og kortsiktige behov innan kompetanse, kapasitet og kvalitet
- Strategi for tilpassing av tenestetilbod ved større endringar i brukargrunnlag.
- Uprioritert liste over langsiktige behov for bygg og anleggsutvikling

2. NASJONALE, REGIONALE OG KOMMUNALE FØRINGER

Gjeldande lover, føresegner, rammeplanar og læreplanar for barnehage, skule og offentleg kulturtilbod er viktige føringar for arbeidet. I tillegg vil følgjande meldingar spele ei sentral rolle i arbeidet med kommunedelplanen:

Meld. St. 24 (2012–2013) «Framtidens barnehage» - eller den såkalla «*Barnehagemeldingen*» samanfattar staten sine overordna mål i barnehagepolitikken. Meldinga gir råd og peik om kva som kjenneteiknar ein god barnehage i dag, men også om kva som blir forventa av barnehagane i framtida. Det står å lesa:

«Regjeringen mener at tidlig innsats og tilpasning av tilbudet til hvert enkelt barns behov, skal stå sentralt i barnehagen. Gjennom meldingen gir regjeringen en tydelig retning for framtidens barnehagepolitikk, både når det gjelder kvalitet og innhold, ansattes kompetanse og styringen av sektoren. Mangfoldsperspektivet, det å inkludere og verdsette kulturelle variasjoner, står sentralt for å videreutvikle barnehagens rolle som arena for forebygging, inkludering og sosial utjevning.»

Meldinga samanfattar og presenterer ei rekkje tiltak og forslag utarbeida i kjølvatnet av St.meld. nr. 41 (2008-2009) «*Kvalitet i barnehagen*».

Meld. St. 20 (2012–2013) «På rett vei» handlar om grunnopplæringa i Noreg. I meldinga kan me lesa:

«Skolen skal ruste elevene med grunnleggende ferdigheter som lesing, skriving og regning. Det trenger alle for videre skolegang, men også for å mestre eget liv og for å delta i samfunnet. Men grunnopplæringen har også et videre samfunnsmandat og skal bidra til at elevene tilegner seg et bredt sett av kunnskaper og ferdigheter, og utvikler verdier og holdninger for resten av livet. (...)»

og peik om fremtida:

«Skolen skal bidra til å dyrke nysgjerrighet og lærelyst og motivere de unge til livslang læring.» og «Motivasjon og lærelyst er viktig for å øke læringsutbyttet. For å treffe alle elever må opplæringen bli mer variert og praktisk. Dette innebærer ikke å senke kravene, men å finne nye måter å la elevene tilegne seg kunnskapene og ferdighetene på. Dette er et arbeid som er i gang på ungdomstrinnet, og som skal videreføres til hele grunnopplæringen.»

Meld. St. 6 (2012-2013) «En helhetlig integreringspolitikk. Mangfold og fellesskap» blei lagt fram for Stortinget 26. oktober 2013. Barnehage og utdanning er sentrale tema i meldinga, og vert omtala i kapittel 4. Kapitlet baserer seg mellom anna på NOU 2010:7 «*Mangfold og mestring*».

Meld. St. 10 (2011–2012) «Kultur, inkludering og deltaking» handlar om det offentleg finansierte kulturlivet - som er for alle. Visjonen til meldinga er:

«Ein inkluderande kultursektor er ein sektor der alle har like moglegheiter til deltaking og til å utvikle sine skapande ressursar, uavhengig av faktorar som sosioøkonomisk-, kulturell- eller religiøs bakgrunn eller funksjonsevne.»

I innleiinga står det å lesa at:

«Tilgang til kultur og høve til å uttrykkje seg kreativt er viktig i eit demokratisk samfunn og legg grunnlag for ytringsfridom og likeverd. Deltaking i kulturlivet har positive verknader både for den einskilde og for samfunnet. Kunst og kultur gir opplevingar og mening i kvardagen, og legg grunnlag for utvikling og læring. Ved sida av arbeidsliv og skule er kulturlivet blant dei arenaene som bidreg mest til utvikling av skaparevne og kompetanse.»

Dei regionale føringane for planarbeidet er knytta til det interkommunale prosjektet «Haugalandsløftet». Dette er eit samarbeid som alle kommunane i Nord-Rogland deltek i, i tillegg til Etne og Sveio. Føremålet med prosjektet er å sikra samarbeid, utvikling og kompetanseheving innan barnhage, skule og PPT. <http://www.haugalandsloftet.no/>

Planar og prosjekt knytta til vidaregåande opplæring i Rogland er viktige føringar for arbeidet. Det vert snakka meir og meir tydeleg om eit samanhengande oppvekst- og opplæringsløp mellom kommune og fylkeskommune. Prosjektet Ny-Giv som handlar om å hindra fråfall i vidaregåande opplæring er eit viktig regionalt tiltak som planprosessen vil ta omsyn til.

Følgjande kommunale planar og mål innan barnehage, skule og kultur i Sauda er relevante for planprosessen:

1. Kommuneplan for Sauda 2012-2023

Hovudmålsettingar oppvekst og kultur:

- Omsorg, leik og Læring – EIN GOD START
- Gi elevane kunnskap, mot og engasjement til å møte framtida
- Sauda nr 1 på fritid
-

2. Kommunedelplan for grunnskolen 2009-2014.

Visjon for Saudaskolen: Gi eleven kunnskap, mot og engasjement til å møta framtida

3. Økonomiplan 2013-2016:

- Særskilt fokusområde:
 - Barn og unge

4. IKT plan for Sauda kommune 2012-2013

- Mål og handlingsplan

5. INNHALDET I PLANARBEIDET

Hovudtema for planen er oppvekst og kultur i Sauda. Planen skal gje ein oversikt over status på eksisterande tilbod, kvalitetar, utfordringar og behov. Den skal visa Sauda kommune sin visjon for området og måla innan satsingsområda som blir valt.

Satsingsområda og måla vert valt og utforma på grunnlag av:

- Evalueringar av resultat frå kjelder som: KOSTRA-tal, statistikk frå Utdanningsdirektoratet, brukarundersøkingar, nasjonale prøvar og Kommunebarometeret
- Evaluering av gjeldande lokalt planverk
- Peik, visjonar og innspel til framtidens oppvekst-tenester i Sauda basert på:
 - Sentrale føringar (meldingar jfr. over)
 - Lokale utviklingstrekk, trendar og tendensar
 - Workshop og ide-dugnad blant brukarar, innbyggjarar og medarbeidarar i Sauda kommune
 - Innspel etter høyringsrundar

Det skal lagast årlege handlingsplanar i samband med økonomiplanarbeidet i planperioden. Handlingsplanane skal mellom anna sikre tiltak og ressursar for måloppnåing. Kommunedelplanen skal rullerast og vedtakast politisk kvart 4. år. Evaluering skal gjennomførast årleg i form av årsmeldingar til formannskap og kommunestyre.

6. ORGANISERING OG MEDVERKNAD

Det er ønskeleg med ei brei medverknad frå starte av planprosessen. Dette er ei sentral føresetnad for ein god plan for oppvekst i Sauda. Det vil gå ut invitasjon om deltaking i form av workshop til brukarar, næringsliv, lag og organisasjonar i kommunen. Sidan Sauda er omstillingskommune (frå 2013) blir omstillingsstyret for omstillingsarbeidet også invitert til å delta i prosessen.

Invitasjon vil bli annonsert i Avisa Ryfylke og på heimesidene til Sauda kommune.

Forslaget til sjølve plandokumentet vil bli utarbeidd av en arbeidsgruppe med desse medlemmane:

- Jakob Svandal: Kommunalsjef oppvekst – leiar
- Åshild M. Øverland: Kultursjef
- Jannicke H. Hatlen: Rektor Risvoll skule
- Camilla Eikevik: Styrar Leabøen barnehage
- Roar Fiveland: Hovedtillitsvalt
- Espen Thompson - Prosjektmedarbeidar Inosa AS. Sekretær for arbeidsgruppa

Politisk deltaking vert sikra ved handsaming av planprogrammet og plandokumentet i formannskapet som er kommunen sitt planutval.

7. FRAMDRIFTSPLAN

Arbeidet med kommunedelplan for oppvekst og kultur i Sauda kommune 2014-2023 er har følgende framdriftsplan:

Aktivitet	Dato – frist
1. gongs handsaming av planprogram og oppstartsvedtak i formannskapet	Innan 27. november 2013
Planprogram til Høring (6 veker)	Innan 27. november 2013
2. gongs handsaming av planprogram	Innan 1. februar 2014
Innspel til innhald i kommunedelplan for oppvekst og kultur i Sauda. Undersøkingar og Workshop	Innan 1. mars 2014.
Arbeid med kommunedelplan for oppvekst i Sauda	Mars til april 2014
1. gongs handsaming av kommunedelplan for oppvekst og kultur i Sauda. formannskapet	Innan 1. mai 2014
Forslag til kommunedelplan Lagt ut til høyring (6 veker)	Innan 10. mai 2014
2. gongs handsaming av kommunedelplan i Formannskapet	Innan 1. september 2014
Slutthandsaming av kommunedelplan i Kommunestyret	Innan 1. oktober 2014